



TIL  
HFK  
OPPLÆRINGSAVDELINGA  
POSTBOKS 7910  
5020 BERGEN

Dato: 28.04.15  
Vår ref.:  
Dykkar ref.: 2015/3735-1

### Høyring om merkantile tenester og merkantil struktur

Viser til brev datert 30.03.2015 vedk høyring om merkantile tenester og merkantil struktur.

Rektor og assisterande rektor har saman med dei merkantilt tilsett ved skulen hatt møte og diskutert gjennom høyringsnotatet.

Under finn de våre felles svar på høyringsspora og i siste del har me teke med merkantilt personale sine egne kommentarar.

### Høyringsspora side 3

- **Kva oppgaver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgaver enn dei som går fram av oversikta?**

*Me synest oversikta over fordeling av arbeidsoppgaver (s. 3 i høyringsutkastet) er utfyllande og grei nok som oversikt over arbeidsoppgaver. På den enkelte skule vil det alltid vera nokre spesielle oppgaver som kjem i tillegg. Ved Voss jordbruksskule og ved Nye Voss vidaregåande skule (oppstart i august i 2016), vil det koma arbeidsoppgaver relatert til skulegardsbruket og Rogne Internat.*

- **Korleis få til klare roller og klar ansvarsdeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leiing?**

*Klare roller og klar ansvarsdeling oppnår ein ved å ha klare linjer. Viss alle veit sitt ansvarsområde og dette vert akseptert av alle, bør klare avtalar vera nok. Dobbelkunnskap er viktig.*

- Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leining?

*God kommunikasjon vil vere ei hjelp i samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leining. Møte ein gong i månaden vil vera eit godt tiltak.*

#### Høyrings spørsmål side 4

- Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik?

*Den føreslegne strukturen med ein 'Leiar Administrasjon' me ein eller fleire konsulentar på alle skular synest å vera ei tenleg løysing.*

- Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande?

*Etter vårt syn, bør den vera bindande for alle skular. Lik struktur på alle HFK-skular er viktig.*

- Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule?

*Ja – det bør vera godkjenning av strukturen på skuleeigarnivå*

- Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?

*Voss jordbruksskule skal leggjast ned som skule pr 31.07.2016 og der er ikkje aktuelt med ny struktur her i neste skuleår. Men for Nye Voss vidaregåande skule må strukturen innførast 100% frå 01.august 2016.*

#### Høyrings spørsmål side 5

- Korleis ser de behovet for stillingar i høve til skulestorleik?

*(sjå tabell under)*

| Tittel                        | Mellomstore skular | Store skular | Særs store skular |
|-------------------------------|--------------------|--------------|-------------------|
| Administrativ leiar           | 1                  | 1            | 1                 |
| Spesialkonsulent/<br>Rådgiver |                    | 1            | 1                 |
| Førstekonsulent               | 1-1,5              | 2            | 3                 |
| Konsulent                     |                    |              |                   |
| Lærling/Fagarbeidar           |                    |              |                   |



## Høyrings spørsmål side 5

- Kva kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til / kan leggjast til ulike stillingar?

*Me meiner at kompetansekrava som er sett opp til den enkelte stillingstittel på side 5 er eit godt utgangspunkt. Men me ynskjer at også for stillinga som spesialkonsulent / rådgjevar skal realkompetanse kunna vera eit viktig vurderingskriterium.*

Med helsing

Svein Inge Styve

-rektor Voss jordbruksskule-

### **TILLEGGSKOMMENTARAR FRÅ MERKANTILT PERSONALE:**

- Oppsett av ny struktur gjev skulen ein klar og definert stab og klarerer kvar ansvarsoppgåvene er plassert.
- Det er i dag meir påkravd med eit fagbrev, vitnemål eller annan stadfesting av kurs som gjev realkompetanse. Dette er utgangspunktet for at kompetansekrav til stillingane er innkome. Det har også med innplassering i rett still.kode/årslønn m.m. å gjera. Dette vil ha mykje å seie for framtidig tilsetjing i skulen. Om det vert eit krav å ha formell utdanning for allereie tilsette merkantilt tilsette i skulen må skuleeigar kunne tilby den enkelte som ynskjer å utvide sin formelle kompetanse til å oppnå ønsket nivå og derav riktig plassert i.h.t. sine arbeidsoppgåver/ansvarsområde.
- Bachelor eller mastergrad, skal vi liggje så høgt som mastergrad for merkantile stillingar?
- Innføring av ny struktur for Nye Voss vgs er naturleg å ha klart ved skulestart 2016-17.
- 3 stillingar à 100% stillingar er utg.punkt for den nye skulen, skulle behovet vise seg å vera høgare må det kunne la seg gjera å utvide med inntil 1 stilling.
- Nye skuleadministrative system er obligatorisk å lære seg før vi skal bruke det. Alle involverte parter må få tilbod om kurs.
- Studieadministrasjon for vitnemål, oppfølging av og utarbeiding av vitnemål iht reformer m.m. bør liggje hos ein som er studieveileder m/kompetanse innanfor feltet. Ligg denne kunnskapen i dag hjå avdelingsleiarane eller rådgjevarane og/eller skal dette overførast

til merkantilt? Eller er dette tiltenkt framleis å liggje hjå pedagogisk personale og merkantilt skal skrive ut vitnemål og sende dette ut til våre elever? Avklares og evt opplæring må gis til den/dei som skal vera studieveileder her på Nye Voss vgs.

- Viss vi skal ha ansvar for utarbeiding/utskrivning av vitnemål må det skje i samarbeid med leiinga. Dei sit på kunnskap og erfaring som vi ikkje har.
- Klare roller og klar ansvarsdeling oppnår ein ved å ha klare linjer. Viss alle veit sitt ansvarsområde og dette vert akseptert av alle bør klare avtalar vera nok.
- Dobbelkunnskap er viktig.
- God kommunikasjon vil vere ei hjelp i samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leiing. Møte ein gong i månaden - i alle fall i startfasen – vil vera eit godt tiltak.
- Strukturen som er foreslått er grei. Trur også framtidig merkantilt tilsette vil tykkje dette er greitt.
- Innføring av ny struktur bør for vårt vedkomande skje ved oppstart av ny skule.
- Eg meiner det trengst 3 stk 100 % stillingar ved den nye skulen. Når vi er to i dag, treng vi i alle fall ein person til når det vert nesten 3 gongar so mange elevar og dobbelt so mange tilsette. Nye Voss vgs vert ifølge skjemaet rekna som ein stor skule. I utkastet er det då ope for 3-4 tilsette.
- Eg meiner heilt klart at på dei fleste område bør det vera realkompetanse som ligg til grunn for kva oppgåver ein vert tillagt. Men nokre område – m.a. økonomien – må handsamast av dei som har formell utdanning innan området.
- Det er klart at nytt skuleadministrativt system krev opplæring for alle som skal nytte det. Også dei oppdateringar som skjer må dei som jobbar med det få kurs i. Og nye oppgåver må lærast på ein god og trygg måte anten ved kollegarettleiing eller (helst) ved kurs el. anna opplæring.